

AVGJERD I EØS-KOMITEEN

nr. 110/2020

av 14. juli 2020

om endring av vedlegg XVIII til EØS-avtala (Helse og tryggleik på arbeidsplassen, arbeidsrett og lik handsaming av kvinner og menn)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og ut frå desse synsmåtane:

- 1) Europaparlaments- og rådsdirektiv (EU) 2019/130 av 16. januar 2019 om endring av direktiv 2004/37/EF om vern av arbeidstakarane mot risiko ved å vere utsett for kreftframkallande eller arvestoffskadelege stoff i arbeidet⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Europaparlaments- og rådsdirektiv (EU) 2019/983 av 5. juni 2019 om endring av direktiv 2004/37/EF om vern av arbeidstakarane mot risiko ved å vere utsett for kreftframkallande eller arvestoffskadelege stoff i arbeidet⁽²⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 3) Vedlegg XVIII til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I EØS-avtala vedlegg XVIII nr. 14a (europaparlaments- og rådsdirektiv 2004/37/EF) skal nye strekpunkt lyde:

- ”– **32019 L 0130:** Europaparlaments- og rådsdirektiv (EU) 2019/130 av 16. januar 2019 (TEU L 30 av 31.1.2019, s. 112),
- **32019 L 0983:** Europaparlaments- og rådsdirektiv (EU) 2019/983 av 5. juni 2019 (TEU L 164 av 20.6.2019, s. 23).”

Artikkel 2

Teksta til direktiv (EU) 2019/130 og (EU) 2019/983 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

(1) TEU L 30 av 31.1.2019, s. 112.

(2) TEU L 164 av 20.6.2019, s. 23.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 15. juli 2020, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfërda i Brussel, 14. juli 2020.

For EØS-komiteen

Sabine Monauni

Formann

(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.